

Rapportering Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt innan 15. desember 2016.

Saksnummer: 2016/99 Ressursnummer: 400 006

Lavterskel tilskot til fysisk aktivitet for barn og ungdom - Stord Friluftsfestival 2016

Tusen takk for at de ville støtta Stord Friluftsfestival 2016! Arrangementet var svært vellukka og me ynskjer å arrangera ny friluftsfestival til neste år. Her kan de lesa kva stordnytt skreiv om festivalen:

Strålende suksess for Stord friluftsfestival

Nyhende — 29 mai 2016



Mykje folk på Friluftsfestival på Litlabø. (Foto: Jonas Sætre)

Det vrimla av liv på grasplanet ved Litlabø søndag, då den andre utgåva av Stord friluftsfestival gjekk av stabelen.

Tekst og foto: Jonas Sætre

Talet på kor mange som var innom den andre utgåva av Stord friluftsliv er ikkje lett å estimera, men ein kan trygt seia at det var godt over dei 500 som hadde møtt opp i fjor. Det var skikkeleg festivalstemning ved Storavatnet søndag, der mat, læring og aktivitetar for store og små sto i høgsetet.

Litlabø-eldsjel og medarrangør av festivalen, Else-Berit Helle, var strålende nøgd med oppmøtet til årets festival.

– Dette er heilt maks. Folk er så fornøgdde her, og det er ingen som har det travelt med å koma seg heim. Det einaste minuset er at det burde ha vore fleire kanoar, seier ho.



Else-Berit Helle og Brit Thorland Gravdal var svært nøgd med arrangementet. (Foto: Jonas Sætre)

Køen var nemleg til tider svært lang for å få seg ein tur ut i kano på Storavatnet. Kanoane er til vanleg gratis å leiga ut gjennom Bydelsbloggen, og Helle informerar at tiltaket har vore kjempepopulært med 2000 utleigde kanoar i løpet av fjoråret.

Det som kunne krypa og gå av friluftrelaterte organisasjonar i Stord hadde møtt opp til festivalen med stand og aktivitetar, alt frå Stord botaniske forening til orienteringsgruppa i Stord IL. Men det var bebuarane ved mottaket på Litlabø som sto for det meste av den praktiske organiseringa. Dei kunne også freista med nybakt brød og te frå heimlanda sine.



Aman Ullah (nærast) og Israr er begge 15 år og frå Afghanistan. (Foto: Jonas Sætre)

Amar Ulla (15) var sjefskokken frå mottaket, og hadde stått opp klokka 7 på søndagsmorgonen for å starta på brøddeigen. Det velsmakande brødet med kvitlauk og urter gjekk unna, ja, som varmt kveitebrød. Det smakte fortreffelig saman med afghansk te, og det var tydeleg at gleda var stor over å vise fram smakane frå heimlandet.

– Dette er eit flott integreringstiltak. Ikkje berre for bebuarane ved mottaket, men for heile kommunen, seier Else-Berit Helle.

Ein av dei nøgde festivalgjestane heiter Brit Thorland Gravdal. Ho er tydeleg nøgd med dagen på Litlabø.

– Det er heilt fantastisk, og så myke kjekke ting å gjera. Det er veldig kjekt og lærerikt at alle organisasjonane presenterer seg, seier ho.

Det er Hordaland fylkeskommune som har sponsa Stord friluftsfestival, gjennom løyvingar til både Bydelsbloggen og til Liv og Lyst-prosjektet.

Utgifter:

Dette blei pengane brukt til:

Bålpanne som gutane på mottaket brukte Vedlegg 1

2 149,00

Kjele til bålpanne, te som gutane på mottaket serverte, Vedlegg 2

449,00

Leige av samfunnshuset, slik at alle fekk gå på do vedlegg 3

3500,-

Suppe, vedlegg 3a og 3 b

11 500,-

Cricket, div utstyr, sjå vedlegg 4

348,-

Ingrediensar og grilltilbehør som gutane på mottaket brukte,(389+435+40), sjå vedlegg 5a, 5b og 5c

864,-

Ved til bålpannene sjå vedlegg 6

300,-

Sand til stranda Vedlegg 7

7 050,-

Vest Catering, poteter til grill Vedlegg 8

400,-

Sikring av området, plaststolpar, Vedlegg 9

800,-

Sikring av området, sperreband, vedlegg 10

139.80

Sagenes grillmat vedlegg 11a og 11b

5698

Tot 33 197 i utgifter

Inntekter

30 000 er støtte frå Hordaland Fylkeskommune. 3 197 av utgiftene er dekket av dei ulike organisasjonane. I tillegg har me fått låna bosspann gratis av Ragn Sells og fått sponsa bøffer av Sport 1 som me kunne dela ut.

Folk har jobba dugnad for over 40 000 kr. 42 personar 5 timar a 200 kr= 42 000 på friluftsfestivalen. I tillegg kjem all planlegging.

Gi beskjed dersom de ynskjer at me skal skriva rapporten på ein annan måte.

Mvh Lena B. Ask 98002387

lena.ask@stord.kommune.no